

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2184 - 19/6007

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
26.02.2019

## UTVIDING AV AREAL OG NY HELSEVERNGODKJENNING AV DRØMMEHAGEN BARNEHAGE OG DRØMMEHAGEN GARD

Drømmehagen barnehage AS er ei privat barnehage som er bygget på Mjåtveitmarka i Meland kommune og opna 1.8.13. Barnehagen har frå 2017 ei friluftsavdeling på Drømmehagen gard på Mjåtveitstø.

Den 25.11.18 sendte Drømmehagen barnehage søknad om å utvide leike- og opphaldsarealet. Det er ynskje om at arealet på Drømmehagen gard på Mjåtveitstø vert medrekna, slik at det då vil vere plass til fleire barn i Drømmehagen barnehage.

### Den 19.2.19 var det det synfaring på Drømmehagen gard.

Tilstade var:

Torill Seliussen, Mariann Soltveit og Bjørn Knudsen frå Drømmehagen barnehage.  
Barnehagefagleg rådgjevar Mette Marei Træland frå Meland kommune og teknisk -hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde frå Miljøretta helsevern.

### Den 22.2.19 var det det synfaring i Drømmehagen barnehage.

Tilstade var:

Torill Seliussen og Mariann Soltveit frå Drømmehagen barnehage. Teknisk -hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde frå Miljøretta helsevern.

### ➤ Historikk

Drømmehagen barnehage vart godkjent etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler» den 19.7.13. for 172 barn over 3 år. (ref. 2013/2661 – 18059/2013).  
Drømmehagen barnehage har eit netto leike- og opphaldsareal på 690 m<sup>2</sup>.

Den 7.4.17 mottok Miljøretta helsevern søknad om å flytte friluftsavdelinga ved Drømmehagen barnehage til Drømmehagen gard. Friluftsavdelinga består av 24 - 30 barn over 3 år. Den 21.4.17 vart Drømmehagen gard godkjent for ei friluftsavdeling for inntil 30 barn over 3 år. Drømmehagen gard vart gjeve dispensasjon frå forskriftas § 9 om universell utforming. (ref. 14/2184 – 17/11728).

I godkjenninga av Drømmehagen gard til friluftsavdeling, vart det i 2017 gjeve godkjenning utan å utvide leike- og opphaldsarealet til Drømmehagen barnehage.

«Barnehagen har stort nok leike- og opphaldsareal til barnegruppa uavhengig av Drømmehagen gard».

## ➤ **Heimel**

**Folkehelseloven, kap. 3** og **Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.** samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

### **Definisjonar:**

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

**Merknad:** Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

## ➤ **Synfaring og vurdering**

### **19.2.19: Drømmehagen gard**

Drømmehagen gard består av 147 dekar og ligg på Mjåtveitstø i Meland kommune.

Våningshus på garden har eit opphaldsrom på ca. 73 m<sup>2</sup>. Driftsbygning har 2 rom, der det største rommet i er på ca. 35 - 40 m<sup>2</sup>. Driftsbygningen har total ca. 150 m<sup>2</sup>.

I både våningshus og driftsbygning er det lagt til rette med garderober. Det er montert varmpumper, slik at base/lokale har tilfredsstillande oppvarming. Luftutskifting skjer med lufting med vindauge. Elles er det ikkje sett krav til ventilasjon, då barna er i hovudsak ute. Barna er stort sett berre inne ved måltid og på dagar med dårleg vêr eller andre forhold tilseier det. Sanitære forhold vurderast som tilfredsstillande for friluftsavdelinga. Det er ikkje universell utforming i våningshus eller driftsbygning, og det er gitt dispensasjon frå kravet om universell utforming.

Våningshus på garden har fleire rom som ikkje er teken i bruk, der det er gode moglegheiter for framtidig bruk for barna og tilsette.

Uteområdet har mange flotte områder som er lagt til rette for barna med bl.a. lavvo, telt-leir, fleire sittegrupper m.m. Barna får moglegheiter for naturleg leik i eit variert og spennande område.

Området rundt bygningar på Drømmehagen gard er stort og utfordrande. Barnehagen må jamleg utføre risikovurdering, for å sikre tryggleiken til barna.

### **22.2.19: Drømmehagen barnehage**

Det vart ikkje avdekt avvik eller merknadar i høve til «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.»

### Vurdering av areal;

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 5,3 m<sup>2</sup> for barn under 3 år.

Drømmehagen barnehage; netto leike- og opphaldsareal på 690 m<sup>2</sup>, og er godkjent for 172 barn over 3 år.

Drømmehagen gard; Våningshus på garden har eit opphaldsrom på ca. 73 m<sup>2</sup>. Driftsbygning har eit stort rom på ca. 35 - 40 m<sup>2</sup>.

Lokala til friluftsavdelinga skal i utgangspunktet tilfredsstillende dei same krav som det vert stilt til andre barnehagar, men det kan leggest til grunn eit areal på 3,0 m<sup>2</sup> pr. barn (over 3 år) for ei friluftsavdeling.

Etter ei total vurdering av opphaldsrom/base vurderast det at Drømmehagen gard har ca. 90 - 100 m<sup>2</sup> netto leike- og opphaldsareal . Arealet i opphaldsrom/base er tilfredsstillende for inntil 30 barn over 3 år.

### Vurdering om godkjenning;

For at barnehagen skal kunne få helseverngodkjenning skal alle krav i forskrifta vere oppfylt. Det er ikkje høve til å gje midlertidig godkjenning eller godkjenning på vilkår.

Ved gjennomgang av dokumenter i saka samt synfaring, vurderer Miljøretta helsevern at Drømmehagen barnehage oppfyller vilkåra for godkjenning.

**Søknad om å få utvida netto leike- og opphaldsareal til også å inkludere leike- og opphaldsarealet på Drømmehagen gard godkjennast.**

### ➤ Vedtak

Etter delegert mynde frå Meland kommune, vert fylgjande godkjenning gjeve etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.»:

- **Drømmehagen barnehage AS er godkjent for inntil 172 barn over 3 år.**  
Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og godkjent areal.
- **Drømmehagen gard er godkjent for ei friluftsavdeling på inntil 30 barn over 3 år.**  
§ 26 Verkemidlar og dispensasjon;  
Drømmehagen gard vert gjeve dispensasjon frå forskriftas § 9 om universell utforming.

Godkjenning vert gjeve etter søknad og synfaring på Drømmehagen gard den 19.2.19 og Drømmehagen barnehage den 22.2.19.

Ved vesentlege endringar i drift eller bygningsmessige forhold, skal det på førehand søkast om godkjenning.

Med helsing

Tord Moltumyr  
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Om klage over vedtak:**

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen etter *Forvaltningsloven kap. 6* og *Lov om folkehelsearbeid § 19*.

Klagen skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast kommunen v/Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

Frist til å klage er satt til 3 veker frå dette brevs mottaksdato.

**Link:**

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

**Kopi til:**

Mariann L. Soltveit

Martin W Kulild

Meland kommune

Mette M. Træland

Torill Seliussen

Postboks 79

5906

FREKHAUG